

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Deres ref.: 201002635-11

Vår ref.: 14/00552-2

Dato: 27.06.2014

Høyring - søknad om løyve til å byggje fleire småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar - fleire søkjarar

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, motteke 07.04.2014.

DMF sitt forvaltningsområde

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og har et særleg ansvar for at mineralressursane blir teke vare på i plansamanheng.

Saken gjelder

NVE har motteke søknadar frå 10 søkjarar om løyve etter vassressurslova til å byggje 10 småkraftverk i Ørskog og Sykkylven kommunar.

Merknad til søknaden

DMF registrerer at den planlagde kraftstasjonen, og den tilhøyrande rørgata, som vil gå mellom Øvre og Nedre Huna Kraftverk i Sykkylven kommune, vil gå tett på eller røre ved sand- og grusførekomsten Hundeidvik. Førekomsten er i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin grusdatabase registrert som ein regionalt viktig førekomst.

DMF ber om at det blir utreda om ressursen blir rørt av tiltaket, og eventuelt kva for konsekvens dette vil kunne få for eksisterande og framtidig uttak i området.

Med helsing

Ine Cecilie Mork Olsen
seniorrådgivar

Anders Lund
overingeniør

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikkje handskrivne signaturar.
Saksbehandlar: Anders Lund